



HAUGALANDET OG SUNNHORDLAND JORDSKIFTERETT

Dok 99

DOM

Dato: 22.4.2022

Stad: Jordskifteretten sitt kontor på Stord

Sak: 19-096997REN-JHOS Snik

Saka gjeld: Tvist om vegrett for 123/109 over 123/10

Rettsleiar: Jordskiftedommar Oddmund Roalkvam

Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Arild Kvaløy	Advokatfullmektig Torbjørn Nervik	Karmøy (1149)	123	10
Magnhild Elisabeth Kvaløy	Advokatfullmektig Torbjørn Nervik	Karmøy (1149)	123	10
Dan Natterøy	Advokat Jens Otto Haugland	Karmøy (1149)	123	109

Kva dommen gjeld

Denne dommen gjeld tvist om vegrett for 123/109 over 123/10. Dommen tar stilling til kva type vegrett det er tale om og innhaldet i vegretten. Kartskissa nedanfor viser omtrentleg den aktuelle vegstrekninga.




Fig. nr. 1 Oversyn over omtvista veg

Heimel

Twisten blir avgjort med heimel i jordskiftelova § 4-1 og blir avgjort ved dom, jf. jordskiftelova § 6-23 fyrste ledd.

Bakgrunn

Nausteigedomen 123/109 vart skilt ut frå 123/10 i 1976. Eigarane av 123/109 var på det tidspunktet Svenn Rossebø og Kristian Rossebø. Dei opparbeidde veg ned til naustet etter eit skifteoppgjjer i 1990. Arvingane i skifteoppgjjeret av Svenn Rossebø, Kristian Rossebø og Marton Hølland. Dan Natterøy overtok nausteigedomen i 2018. Arild Kvaløy overtok heimelen til 123/10 i 1991. Frå 2011 har han eigd denne eigedomen saman med mor si, Magnhild Elisabeth Kvaløy, der dei eig ein halvpart kvar.

Det har vore ulike oppfatningar omkring rettstilhøva for vegen ned til naustet. Arild Kvaløy og Magnhild Elisabeth Kvaløy meiner vegen er bygd ulovleg og at vegretten er avgrensa til gangsti slik som skildra i frådelingssøknaden frå 1974. Dan Natterøy på si side meiner 123/109 har rett på køyreveg med motorisert ferdsel slik som skildra i erklæring frå 1990.

Om saksbehandlinga

Saka vart kravd av Arild Kvaløy og Magnhild Elisabeth Kvaløy den 25.6.2019. Rekvirentane vart pålagt advokat med heimel i tvistelova § 3-2. Advokatfullmektig Torbjørn Nervik meldte seg som deira prosessfullmektig. Det vart halde planmøte 24.11.2021. Det var berre partane sine prosessfullmektigar som deltok på planmøtet. Hovudforhandling vart gjennomført på tinghuset i Haugesund den 24.3.2022. Det vart halde synfaring i samband med møtet. Det vert elles vist til rettsboka for meir detaljar.

Advokatfullmektig Torbjørn Nervik har på vegne av Arild Kvaløy og Magnhild Elisabeth Kvaløy i hovudsak gjort gjeldande:

Eigedomen 123/109 vart skilt ut frå 123/10 i 1976, og i skøytet til Svenn og Kristian Rossebø heiter det: «*Parsellen skal ha rett til å benytte den nåværende gangsti fra offentlig veg og fram til parsellen*». Denne setninga må reknast som stiftingsgrunnlaget for vegretten det her er tale om. Vegretten er altså avgrensa til å vere ein gangsti.

Arild Kvaløy overtok eigedomen i 1991 etter å ha vore på visning i mai 1990. På dette tidspunktet var den omstridte vegen ikkje opparbeidd. Det vart i samband med salet ikkje gitt opplysningar om at ein køyreveg skulle etablerast. Karmøy kommune har ikkje gitt lovleg løyve til å bygge køyreveg. Kvaløy har såleis lagt til grunn det som står i frådelingssøknaden om 123/109 sin vegrett. Der står det: «*Same vei (sti) som eg sjølv bruker til sjøen*». Arild Kvaløy kjøpte 123/10 med dette heftet på eigedomen, verken meir eller mindre. Vegen det her er tale om er bygd ulovleg og utan aksept frå Arild Kvaløy si side.

Erklæringa frå 1990, som Dan Natterøy viser til, kan ikkje leggjast vekt på. Den vart underteikna av Svenn og Kristian Rossebø den 22.8.1990, men ikkje av medarvingen Marton Hølland. Det inneber at erklæringa ikkje kan vere gyldig for kjøparen av 123/10, som på kjøpstidspunktet ikkje kjende til denne erklæringa. Han vart ikkje gjort merksam på nokon køyrevegrett før etter at første bud var gitt. Motparten har lagt fram ei erklæring som seinare er underteikna av Marton Hølland, men datoen for underteikning er 28.8.1990. Det er fem

dagur etter at budet frå Arild Kvaløy blei akseptert. Han viste i den samanhengen til partsforklaringa til Arild Kvaløy der det kom fram at Arild Kvaløy var på utanriksfart på kjøpstidspunktet, og var dermed heilt ukjend med vegetableringa. Om han hadde visst om dette ville han hatt klare innvendingar.

Som subsidiært påstandsgrunnlag, dersom jordskifteretten kjem til at den omstridde erklæringa frå 1990 er gyldig, må vegen vere maksimalt 3 meter brei inklusiv grøfter. I tillegg må vegen maksimalt ha same radius i svingen ved huset som lagmannsretten slo fast i sak 21-134523ASK-GUL/AVD1, dvs. maksimal radius på 12,5 meter. Noko anna vil vere heilt urimeleg og stikk i strid med skjønnsføresetnadane i vegskjønnet frå Karmsund herredsrett frå 1981. Han viste i den samanhengen til kontrollmål utført av Stord oppmåling. Kontrollmåla viser at ein svingradius på 16,0 meter, som tingretten la til grunn, vil føre til at det må opparbeidast forstøtningsmur og tilførast ny masse. Noko som vil føre til store meirulemper for eigarane av 123/10.

Advokatfullmektig Nervik var elles av den oppfatninga at ein eventuell køyreveg til 123/109 ikkje kan ha ein annan dimensjon enn køyrevegen til 123/6. Det er same vegen det her er tale om. Dei avgrensingane som er slått fast i vegskjønnet frå 1981 og lagmannsrettsavgjerda frå 2021 må også setje rammene for ein eventuell naustvegrett. Difor kan ikkje ein påstand om å tillate lastebilar med inntil 5 meters akselavstand akseptert. Om det ved nokre høve har vore nytta store køyretøy fram til 123/109 sitt naust, endrar ikkje på dette.

Han la ned slik

påstand:

«Prinsipalt:

- Eiendommen gnr. 123, bnr 109 i Karmøy kommune har kun adkomst over eiendommen gnr. 123, bnr. 10 slik det framgår av skjøte datert 27. januar 1976.

Subsidiært:

- Eiendommen gnr. 123, bnr 109 i Karmøy kommune har veirett over eiendommen gnr. 123, bnr. 10, men med de begrensninger som følger av veiskjønn datert 22. mai 1981 for gnr. 123, bnr. 6 og veiretterklæring for gnr. 123, bnr. 109.

I begge tilfeller:

- Dan Natterøy, eier av eiendommen gnr. 123, bnr. 109 i Karmøy kommune, dekker Arild og Magnhild Kvaløy, eiere av eiendommen gnr. 123, bnr. 10 sine sakskostnader for jordskifteretten.»

Advokat Jens Otto Haugland har på vegne av Dan Natterøy i hovudsak gjort gjeldande:

Det sentrale dokumentet i saka er erklæringa frå 1990 som er undertekna av eigarane av 123/10. Der heiter det: «*Eiendommen gnr. 123 bnr. 109 i Karmøy kommune har veirett over eiendommen gnr. 123 bnr. 10 i Karmøy kommune. Denne veirett er plassert slik at den går fra offentlig vei over opparbeidet vei fram til eiendommen gnr. 123 bnr. 57. Videre går veien, i inntil 3 meters bredde, langs den østre grense til gnr. 123 bnr. 57. Fra denne eiendoms sørøstre hjørne går veien i mest mulig rett linje til sjøen, langs grensen til gnr. 123 bnr. 109.*». Denne erklæringa er tinglyst. Sjølv om det manglar ei underskrift i det tinglyste utdraget, har tinglysingsdommaren og dei to vitna akseptert dokumentet. Han viste til ein versjon av

erklæringa som var underteikna av alle. Advokat Haugland gjorde serskilt merksam på at det i erklæringa står «til sjøen». Noko som ikkje etterlet tvil om at denne retten inneber tilkomst for utsetjing og inndraging av båtar.

Arild Kvaløy vart uansett informert om vegretten. Han aksepterte kjøpsvilkåra. I eit brev datert 6.8.1990 i samband med skifteoppgjeret etter Martha Rossebø, tidlegare eigar av 123/10, skriv advokat Ole Johan Berge dette: «Likeledes har nausttomt, gnr. 123 bnr. 109 vegrett til samme opparbeidede veg. I tillegg har denne nausttomt vegrett fra allerede opparbeidet veg og frem til nausttomten. Denne vegrett, som kan opparbeides i 3 m bredde, går langs grensen mot gnr. 123 bnr. 57 i dennes østre grense. Fra det sørøstre hjørne på gnr. 123 bnr. 57 går vegretten rett ned til nausttomten gnr. 123 bnr. 109». Dette vert langt på veg stadfesta av advokat Munkejord på vegne av Arild Kvaløy i brev datert 14.3.2000. Han skriv følgjande: «Til sakens sentrale punkt kan jeg opplyse at Arild Kvaløy fastholder at deres klient, eier av gnr. 123 bnr. 109 i Karmøy, aldri har fått vegrett lengre ned på gnr. 123 bnr. 10 enn til eiendomsgrensen til sin eigedom, dog således at gnr. 123 bnr. 109 skulle kunne kjøre fra vegen på gnr. 123 bnr. 10 og inn på veg som måtte bli opparbeidet på gnr. 123 bnr. 109 og som i dag rent faktisk er opparbeidet». Her kjem det tydeleg fram at Kvaløy aksepterte vegen fram til nausttomta. Han må ha visst om vegretten og innhaldet i vegretten då han gav sitt bindande bod på eigedomen.

Advokat Haugland var av den oppfatninga at ein må ta utgangspunkt i kva som var opparbeidd når ein vurderer omfanget av vegretten. Han meiner Arild Kvaløy no har innskrenka vegbreidda samanlikna med situasjonen for 30 år sidan. Tidlegare kunne ein køyre med større lastebilar, i alle fall med 5 meters akselavstand. Det er blitt umogleg no etter at vegbana er blitt endra rundt hushyrna på 123/10. Oppmålingsarbeidet som er gjort av Stord oppmåling har ingen relevans. Det som er av avgjerande betydning er korleis dette har vore praktisert. Spørsmålet er altså korleis vegen var utforma i 1990 og korleis vegen då vart nytta.

Han viste til vitneforklaringa til Svenn Rossebø når det gjeld kva tid vegen vart bygd, kvifor den vart bygd og kva som vart gjort i samband med salsprosessen. Rossebø gav uttrykk for at det var viktig å sikre køyretilkomst til nausteigedomen før 123/10 vart seld. Han fortalde at det var han og broren som opparbeidde vegen hausten 1990. Han sa elles at han hadde nytta bil med båthengar på vegen ned til sjøen.

Også Arild Kvaløy har nytta den omstridde vegen. Til og med meir enn eigaren av 123/109. Dette trass i at han ikkje har deltatt i opparbeidingskostnadane. Han har med sin bruk av vegen vist at han aksepterer sjølvveganlegget, men han har framleis ingen rettslege grunnlag for å bruke anlegget. Advokat Haugland viste i den samanhengen til lagmannsrettsavgjerda LG-2013-099397 som konkluderer med at rett til å nytte veganlegg må basere seg på avtale eller innpåkjøp.

Ein eventuell mangel på kommunalt løyve er utan betydning for det privatrettslege tilhøvet mellom partane. No er det gått over 30 år sidan vegen vart bygd, og eit pålegg om tilbakeføring er svært lite sannsynleg. Denne saka handlar om kva rettar og hefter som kviler på 123/10 og 123/109, og det går heilt tydeleg fram av erklæringa frå 1990.

Han la ned slik

påstand:

«1. Gnr. 123 bnr. 109 i Karmøy har kjøreveirett over bnr. 10 som beskrevet i erklæring tinglyst på bnr. 10 den 04.09.1990 med dagboknummer 6944, som innebærer rett til å kjøre med bil med inntil 5 meters akselavstand og bredde på 2,55 meter.

2. Arild Kvaløy og Magnhild Kvaløy dømmes til in solidum å erstatte Dan Natterøy sine sakskostnader. Oppfyllelsesfristen er 2 uker fra dommens forkynnelse.

3. Arild Kvaløy og Magnhild Kvaløy plikter å betale jordskifterettens kostnader».

Jordskifteretten ser saka slik:

Det jordskifteretten i første omgang skal ta stilling til er om 123/109 har vegrett med motorisert ferdsel over 123/10 fram til sjøen, eller om vegretten er avgrensa til å gjelde rett til gangveg. Begge partar er samde om at 123/109 fekk gangvegrett i 1976, då eigedomen vart skilt ut frå 123/10. Det som er stridens kjerne er gyldigheita av erklæringa frå 1990 i samband med arveoppgjeret og salet av 123/10. I erklæringa går det fram at 123/109 skal ha vegrett over «*opparbeidet vei*» og vidare veg i inntil 3 meters breidde i mest mogleg rett linje til sjøen.

Slik jordskifteretten vurderer det talar det meste for at denne erklæringa er gyldig og dermed bind partane seg imellom. Grunngevinga er i hovudtrekk som følgjer:

- Erklæringa var tinglyst på tidspunktet for bindande bod. Sjølv om det på det tinglyste eksemplaret mangla ei underskrift, burde kjøparen ha undersøkt dette nærare dersom han ikkje aksepterte dokumentet. Sorenskrivaren har godkjent dokumentet for tinglysing.
- Erklæringa finst også i eit underteikna eksemplar.
- Korrespondanse før kjøpet samsvarar med innhaldet i erklæringa, og burde ha vore kjent for kjøparen.
- Kjøparen burde ha tatt dette heftet opp med seljaren som ein mangel ved kjøpet dersom han ikkje kjende til vegretten.

Jordskifteretten kan ikkje leggje avgjerande vekt på at kjøparen var på arbeidsreise på kjøpstidspunktet, men må basere vurderinga si på kva som må forventast av ein alminneleg kjøpar av ein eigedom. Slik jordskifteretten ser det har arvingane etter Martha Rossebø vore samde om vegretten, og at denne kunne opparbeidast som køyreveg heilt ned til sjøen.

Arvingane var Svern Rossebø, Kristian Rossebø og Marton Hølland. Det var desse som selde eigedomen til Arild Kvaløy. Som ein del av arveoppgjeret vart det gjort avtale om at 123/109 skulle få køyretilkomst til sjøen. På det tidspunktet var Svern Rossebø og Kristian Rossebø eigarar av 123/109, og det var desse som opparbeidde køyrevegen. Dette i tråd med kva som var avtalt. Dette kom tydeleg fram i vitneforklaringa til Svern Rossebø. Konklusjonen er at erklæringa er eit resultat av skifteoppgjeret og må reknast som eit rettsstiftande dokument for vegretten.

Arild Kvaløy har rett i at slike veganlegg som det her er tale om normalt er søknadspliktige, og at alle som anlegget vedkjem har rett på nabovarsel. Det ligg under den kommunale forvaltninga å gi byggjeløyve. Eventuelle ulovlege anlegg må i tilfelle meldast til kommunen. Denne saka handlar om det privatrettslege tilhøvet mellom eigaren av 123/10 og 123/109. Jordskifteretten er av den klare oppfatninga at ordlyden i erklæringa frå 1990 bestemmer kva det privatrettslege tilhøvet går ut på.

I første delen av erklæringa står det at vegen «går fra offentlig vei over opparbeidet vei fram til eiendommen gnr. 123 bnr. 57». Jordskifteretten er samd med advokat Haugland i at det hadde gitt betre meining om det hadde stått «bnr. 6» og ikkje «bnr. 57». Det som var situasjonen i 1990 var at det var opparbeida veg frå offentlig veg og fram til bnr. 6. Frå innkøyringa til bnr. 6 og vidare nedover til sjøen var det berre ein gangsti. Eigarane av 123/109, som på det tidspunktet var Svenn og Kristian Rossebø, skulle altså nytte same vegen som 123/6 fram til innkøyringa til bnr. 6. Vidare står det i erklæringa at vegen skal gå «i inntil 3 meters bredde, langs den østre grense til gnr. 123 bnr. 57. Fra denne eiendoms sørøstre hjørne går veien i mest mulig rett linje til sjøen, langs grensen til gnr. 123 bnr. 109». Denne skildringa er dei privatrettslege rammene som Svenn og Kristian Rossebø hadde for opparbeidinga av vegen vidare nedover til sjøen.

Når det gjeld kva som ligg i omgrepet «opparbeidet vei» meiner jordskifteretten at ein i tillegg til å sjå hen til korleis vegen faktisk såg ut i 1990 også må legge vekt på at det var same vegen som eigaren av 123/6 brukte som tilkomst til sin eigedom. Jordskifteretten finn ikkje gode nok prov for at det vart gitt ein meir utvida rett for 123/109 enn den 123/6 hadde. Føremålet må ha vore å bruke same vegen som 123/6 fram til innkøyringa til bnr. 6, verken meir eller mindre. Eignedomen 123/6 fekk rett til å anlegge bilveg over 123/10 i kraft av skjønssaka 25/1979B ved Karmsund herredsrett. I samband med sak om midlertidig forføyning har Haugland og Sunnhordland tingrett i sak 21-088488TVI og deretter Gulating lagmannsrett i sak 21-134523ASK tatt avgjerd om tilbakeføring av vegen slik at den samsvarar med profil- og stikningskart datert 11.9.1980 og som vart lagt til grunn i den nemnde saka nr. 25/1979 ved Karmsund herredsrett. Lagmannsretten slo fast at svingen på vegen skal ha ein radius på minimum 12,5 meter. Jordskifteretten rettar seg etter denne avgjerda og gjer ikkje noko nærare presiseringar enn dette. Slik jordskifteretten ser det har bnr. 6 og bnr. 109 same rett over bnr. 10 frå offentlig veg og fram til innkøyringa til bnr. 6. Det er den same vegen det er snakk om. Jordskifteretten meiner at det ikkje kan leggjast avgjerande vekt på at bruken av vegen har vore annleis til naustet enn til bustadeigedomen.

Etter drøftinga ovanfor har Dan Natterøy vunne fram fullt ut i hovudtvisten om rett til køyreveg. Når det gjeld innhaldet i vegretten, viser jordskifteretten til innhaldet i erklæringa frå 1990 samt det som er lagt til grunn i tidlegare rettskraftige avgjerder. Etter tvistelova § 20-2 har den som har vunne saka fullt ut eller i det vesentlige krav på full erstatning for sine sakskostnader frå motparten.

I denne saka er jordskifteretten av den oppfatninga at Dan Natterøy har vunne saka «i det vesentlige». Dette trass i at advokatfullmektig Nervik sin subsidiære påstand ligg nært opp til jordskifteretten sin konklusjon. I saksførebuinga og i hovudforhandlinga har tvisten dreidd seg om spørsmålet om gangveg eller køyreveg. Advokatfullmektig Nervik sin subsidiære påstand vart først lagt fram under prosedyren og var ikkje tatt med i sluttinnlegget. Difor kan det ikkje få følgjer for erstatningsutmålinga. Jordskifteretten har vurdert om det er moment som gjer at rekvirentane kan bli fritatt for erstatningsansvar. Etter tvistelova § 20-2 (3) kan motparten heilt eller delvis fritakast for erstatningsansvar dersom tungtvegande grunnar gjer det rimeleg. Jordskifteretten kan ikkje sjå at det ligg føre slike tungtvegande grunnar som er lista opp i tvistelova § 20-2 (3) bokstav a-c i dette tilfellet.

Når det gjeld jordskiftetekostnadene skal desse også fordelast etter kapittel 20 i tvistelova for kostnader som direkte er knytte til tvistebehandlinga. Det går fram av jordskiftelova § 7-9. Kostnadene det her er tale om er gebyr til staten. For det fyrste er det eit registreringsgebyr på

kr. 5.750 og dernest to gonger partsgebyr som til saman er på kr. 4.600. Det samla beløpet vert såleis kr. 10.350.

Slutning:

1. **Gnr. 123 bnr. 109 i Karmøy har køyrevegrett over gnr. 123 bnr. 10 som skildra i erklæring tinglyst på gnr. 123 bnr. 10 den 4.9.1990 med dagboknummer 6944 samt profil- og stikningskart datert 11.9.1980 i sak nr. 25/1979B ved Karmsund herredsrett og med ein svingradius på minimum 12,5 meter slik som fastsett i sak 21-134523ASK ved Gulating lagmannsrett.**
2. **Arild Kvaløy og Magnhild Kvaløy vert dømd til in solidum å betale Dan Natterøy kr. 162.140 – eitthundreogsekstiotusen eitthundreogførti kroner innan 2 veker frå forkynningsdatoen.**
3. **Arild Kvaløy og Magnhild Kvaløy skal betale kr. 10.350 i sakskostnader til jordskifteretten.**

Oversyn over sakskostnader til jordskifteretten:

Namn	Skal betale kr	Har betalt kr	Skuldar kr
Arild Kvaløy og Magnhild Elisabeth Kvaløy	10.350	5.750	4.600
Dan Natterøy	0	0	0

Faktura vert sendt frå Domstoladministrasjonen. Betalingsfristen vert påført fakturaen.

Tinglysing og matrikkelføring:

Når saka er rettskraftig, vert saka tinglyst på følgjande eigedomar:

Kommune	Gnr.	Bnr.
Karmøy (1149)	123	10
Karmøy (1149)	123	109

Stord den 22.4.2022

Oddmund Roalkvam
jordskiftedommar

ORIENTERING OM ANKE

Overprøving av avgjerder frå jordskifteretten

Avgjerder frå jordskifteretten kan ankast til lagmannsretten. Nedanfor er ei kort orientering om ankereglane.

Ankefrist

Ankefristen er normalt ein måned om ikkje anna er bestemt. Ankefristen blir rekna frå dagen du får saka forkynt (dato for når saka blir rekna som forkynt, blir opplyst i forkynningsbrevet). Ankefristen blir avbroten av rettsferien dersom anna ikkje er bestemt. Det er rettsferie frå og med siste laurdag før palmesundag til og med 2. påskedag, frå og med 1. juli til og med 15. august og frå og med 24. desember til og med 3. januar, jf. domstollova § 140. Dette betyr at om du eksempelvis får forkynt ei avgjerd 15. juni, går ankefristen frå denne dagen til 30. juni. Deretter begynner den å gå 16. august og med så mange dagar som står att av ankefristen før ein når ein måned – i dette tilfellet 15 dagar til 31. august).

Kva for reglar gjeld og kva må ei anke innehalde?

Reglane for anke varierer avhengig av kva for type avgjerd du vil anke.

Dom, orskurd og vedtak

For desse avgjerdene gjeld reglane i tvistelova kapittel 29. I fylgje § 29-9 skal anken innehalde

- *ankedomstolen*
- *namn og adresse på parter, stedfortredere og prosessfullmektiger*
- *den avgjørelse som ankes*
- *om anken gjelder hele avgjørelsen eller bare bestemte deler av den*
- *det krav ankesaken gjelder, og en påstand som angir det resultat den ankende part krever*
- *de feil som gjøres gjeldende ved den avgjørelse som ankes*
- *den faktiske og rettslige begrunnelse for at det foreligger feil*
- *de bevis som vil bli ført*
- *grunnlaget for at retten kan behandle anken dersom det kan være tvil om dette*
- *den ankende parts syn på den videre behandling av anken*

Jordskifteavgjerd

Om du vil anke ei jordskifteavgjerd, gjeld reglane i jordskiftelova kapittel 8. Desse reglane gjeld og om jordskifteretten har halde skjønn som del av ei jordskiftesak etter jordskiftelova §§ 5-1 til 5-3. I fylgje jordskiftelova § 8-5 skal anken i slike saker innehalde

- *namnet på ankedomstolen*
- *saksnummer og kva avgjerd anken gjeld*
- *om anken gjeld heile avgjerda eller berre visse delar av henne*
- *ankegrunnane, der det skal stå kvifor ein ankar og kva ein vil med anken*

Når anken gjeld jordskifteavgjerd, blir som hovudregel alle som var partar i jordskiftesaka med som partar i ankesaka.

Verdigrense ved anke over dom

Som hovudregel kan ikkje lagmannsretten behandle anke over dom som gjeld verdiar mindre enn 250 000 kroner (jf. tvisteloven § 29-13). Om det kan vera tvil, bør du forklare kvifor ankegjensanden er verd meir, eventuelt kvifor lagmannsretten likevel bør behandle anken. For anke over jordskifteavgjerd gjeld ikkje regelen om verdigrense.

Rettsforlik

Rettsforlik er ikkje ei avgjerd teken av jordskifteretten og kan heller ikkje ankast. For å få avgjort om forliket kan bli oppheva, må du gå til søksmål for tingretten (jf. tvisteloven § 19-12).

Kostnader

For anke til lagmannsretten må du betale eit gebyr på 24 gonger rettsgebyret. For tida er rettsgebyret kr 1223, slik at gebyret blir kr 29352 (jf. rettsgebyrlova § 8). Tek behandlinga i lagmannsretten meir enn ein dag, er gebyret for dei neste fire dagane tre gonger rettsgebyret per dag. Deretter er gebyret 4 gonger rettsgebyret per dag. I tillegg til gebyret kjem utgifter lagmannsretten har til mellom anna meddommarar.

Om anken blir trekt før det fyrste rettsmøtet, er det reglar for reduksjon av gebyra. Om saka blir forlikt blir også gebyra redusert.

Lagmannsretten kan krevje forskott på kostnadene.

Kvar anken skal sendast

Anken skal underskrivast og stilast til lagmannsretten, men sendast til jordskifteretten.

Meir informasjon

Om du har spørsmål om ankereglane eller anna, vil dei tilsette ved jordskifteretten kunne svare deg. Sjølvprosederande partar kan anke munnleg ved å møte fram personleg i jordskifteretten. Du vil då kunne få hjelp til å setje opp anken. Det same gjeld for prosessfullmektig som ikkje er advokat.

Matrikkelføring og tinglysing

Når anken er behandla og saka rettskraftig, vil jordskifteretten sørge for nødvendig tinglysing og sende melding til matrikkelfører.